BUSKERUD FYLKESKOMMUNE
Utviklingsavdelingen

[redacted]

| | | |
|---|---|---|
| Vår saksbehandler | | |
| Geir Noddeland Dyrnæs, tlf 32808596 | Vår dato 14.10.2003 | Vår referanse 03/03028-1 714. |
| | Deres dato | Deres referanse |

ARKIV
UNIVERSITETETS KULTURHISTORISKE MUSEER
Universitetet i Oslo
Saksb. LGU 22 OKT. 2003 Kopi
Ark.: 0620
Saksnr. 03/10895 Dok.nr.: 1

Hol kommune
3576 HOL

**Vegtrasè ved Skurdalsvatnet - sammenbinding av eksisterende veger , div gbnr , Hol kommune**

Ovennevnte planområde er nå befart. Det ble overflateregistrert samt prøvestukket manuelt med spade og sold, med tanke på funn fra steinbrukende tid under dagens markoverflate. Da det ikke ble funnet kulturminner fra forhistorisk eller nyere tid har kulturvernet ingen merknader til planforslaget.

Det må likevel fremgå av kommunens vedtak at dersom det under anleggsarbeid eller annen virksomhet i området skulle fremkomme opp automatisk fredete kulturminner, må arbeidet straks stanses og fylkeskommunen varsles jf. kulturminneloven § 8.2.

Dette er viktig for å registrere og dokumentere spor etter virksomhet fra forhistorisk tid før de går tapt for all tid.

Det er brukt i alt 18,5 arbeidstimer à kr 520,- i forbindelse med kulturminneregistreringene. Dette inkluderer forarbeid, etterarbeid og reisetid. Faktura på kr 9620,- vil bli sendt fra regnskapsseksjonen snarest.

Med hilsen

Åse Klundelien e f
fylkeskultursjef

Geir Noddeland Dyrnæs
arkeolog

Vedlegg:
1 Registreringsrapport (2 blad)
2 Oversiktskart. M = 1: 50000 (1 blad)
3 Øk- blad BN 058-5-3. M = 1:5000 (1 blad)

Kopi til:

| | |
|---|---|
| Buskerud Kommunerevisjon IKS | Postboks 4197, 3005 DRAMMEN |
| Fylkesmannen i Buskerud | Postboks 1604, 3007 DRAMMEN |

Magne Nilsen, her
Kopi med vedlegg til:
Universitetet i Oslo UKM    Pb 6762 St. Olavs plass, 0164 OSLO

# RAPPORT FRÅ KULTURMINNEREGISTRERING AV VEGTRASÈ VED SKURDALSVATNET, HOL KOMMUNE, SAMANBINDING AV EKSISTERANDE VEGAR.

## 1. Formål og bakgrunn for undersøkelsen

Bakgrunn for undersøkinga er ein søknad om nyanlegging av 800 meter turveg som vil binde samen eksisterande vegløp frå aust og vest. Formålet med undersøkinga var å avdekkje om det innafor dette området fans kulturminner som eventuelt ville komme i konflikt med vegtrasèen. Det er tidlegare registrert ein steinalderlokalitet i nærområdet. Då utbyggjinga kan føre med seg ein meir intensiv bruk av området enn tidlegare, vart det registrert i heile breidda frå den sørlege avgrensinga av vegen og ned til fjordkanten i nord. Dette for å sikre eventuelle andre slike lokalitetar, kanskje med strandtilknytning.

Kulturminneregistreringa vart utførd av Ola Terje Oleivsgard den 21. og 22.08.2003.

## 2. Topografi og planavgrensing

Området der vegen er planlagd ligg på søraust-sida av Skurdalsvatnet, nordvest for Dagalihovda. Mot nordvest ute i vatnet ligg Flatåkerholmen og Mysetholmen. Terrenget er myrlendt, til dels bratt og prega av mykje stein i grunnen. Furuskog med mykje mose og blåbærlyng pregar vegetasjonen.

## 3. Metode

Kulturminneregistreringa vart utførd i form av overflatesøk etter synlige kulturminner med tilhøyrande prøvestikk med spade og jordbor i markoverflata for å stadfeste eller avkrefte mogelege slike. Då potensialet for steinalderlokalitetar her vart rekna for å væra stort vart det teke mange prøvestikk med spade.

## 4. Registreringar 2003

Det vart under synfaringa ikkje registrert noko automatisk freda kulturminne. Som skildra ovanfor er terrenget her mykje prega av myr og stein heilt ned til vannkanten, så det må seiast å væra sannsynleg at funntomheita er reèll.

## 5. Oppsummering

Området der vegtrasèen er planlagd kan med rimeleg grad av sikkerheit seiast å være funntomt. Ein bør likevel merke seg at den tidlegare registrerte buplassen ligg rett utanom dette området, på ei liten strandstripe av sand. Med eit unntak fanst det ikkje tilsvarande strender i det området som vart registrert. Ein kan difor gå ut frå at der terrengtypen er av "rette slaget" er sjansen for å finne fleire buplassar rundt Skurdalsvatnet stor.

**6. Timeforbruk / faktureringsgrunnlag**

| | |
|---|---|
| For- og etterarbeid (tilretteleggjing for feltarbeid, rapportskriving) | 1 time |
| Feltundersøkingane (med køyring) | 17,5 timer |
| Totalt | 18,5 timer |

KULTURMINNEREGISTRERING AV VEGTRASÉ VED SKURDALSVATNET, HOL KOMMUNE - SAMMENBINDING AV EKSISTERENDE VEGER
SNR: 03/3028 (GML. SNR: 02/522-36)

M=1:50000

SKURDALEN



KULTURMINNEREGISTRERING AV
VEGTRASÉ VED SKURDALSVATNET,
HOL KOMMUNE - SAMMENBINDING AV
EKSISTERENDE VEGER
SAK: 03/3028 (GML. SAK: 02/522-76)

ØK-BLAD: BN 058-5-3
M = 1 : 5000

